



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Gro-Malèn Brønnestad, 71 25 81 23

Vår dato

14.01.2010

Dykkar dato

Vår ref.

2009/5835/GRBR/422.0

Dykkar ref.

Landbruks - og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Intert som e-post 19/1-10
Landbruks- og matdep.

Saksnr.: <u>2008/1973-170</u>	BEKREF
Mottatt: <u>20 JAN 2010</u>	
Saksbeh.: <u>ASR /IMA</u>	Ark.: <u>410</u>
Kopi:	Avskr.:

Forslag til verneheimel i jordlova - høyningsuttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Landbruks- og matdepartementet har i brev datert 11.09.2009 bedt om uttale til forslag til verneheimel i jordlova.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at forslaget som er sendt på høyring er veldig positivt. Sett på bakgrunn av mat - og klimakrisa i verda, er det etter fylkesmannen si vurdering naudsynt med eit strengare jordvern. Vi i Noreg må ta inn over oss at vi ikkje er sjølvforsynt når det gjeld tilgang på matvarer, og det er ut frå beredskapsmessige omsyn viktig å verne om dei produktive areala vi har.

Dei innstrammingane som har vore gjort i nasjonal politikk har ikkje vist seg som eit tilstrekkeleg verkemiddel, noko som fordrar nye nasjonale tiltak for å forhindre nedbygging av dyrka mark.

Dersom lovforslaget blir vedtatt vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal understreke at det er viktig å fortsatt oppretthalde eit sterkt jordvern også i områder som ligg utafor jordvernområda.

Departementet har bedt om merknader knytt til fleire forhold.

Kva slags areal skal kunne bli verna

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er samd med departementet i at det bør kome til uttrykk kva for areal som er aktuell for vern.

Avveginga mot andre samfunnsinteresser

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er samd i at det bør vere ein eigen saksbehandlingsregel, då ein slik regel kan bidra til større forståing rundt verneprosessane og tydeleg synleggjere kva for konkrete avvegingar som skal gjerast i desse sakene.

Forholdet til allereie gitte løyver og vedtekne arealplanar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje merknader knytt til dette.

Verknaden av vernevedtaket - dispensasjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er samd med departementet i at det innanfor eit jordvernområde må vere strengare vern enn utafor, og støtter den innstramminga som er gjort i forhold til vilkåra i jordlova § 9. Fylkesmannen støttar også forslaget om ein unntaksheimel frå omdisponeringsforbodet.

Prosess

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ingen merknader knytt til dette punktet og støtter departementet sitt forslag.

Tiltak ved igangsett saksbehandling, men før endeleg vernevedtak er fatta

Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppfattar det som viktig å sikre at areal som blir utreda med tanke på eventuelt vern, må bli sikra frå omdisponering mens utredninga pågår. Dette då det vil vere risiko for at omdisponering skjer for å unngå framtidig vern med dei råderettsgrensingar det medfører. Vårt standpunkt er soleis i samsvar med det forslaget som Statens landbruksforvaltning har lagt fram.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er for så vidt samd i at det er mogleg å pålegge kommunane som har areal som blir utreda for vern rapporteringsplikt. Samstundes ser vi likevel at det er ein viss fare for at ikkje alle vedtak blir gjort kjent for fylkesmannen slik at forvaltningslova § 35 ikkje kan bli nytta.

Når det gjeld Statens landbruksforvaltning sitt forslag om at fylkesmannen blir førsteinstans i desse sakene, ser fylkesmannen at dette kan vere eit alternativ til rapporteringsplikt av vedtak.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn det positivt at departementet vil sørge for naudsynte ressursar dersom ordninga fører til merarbeid.

Med helsing

Anne Berit Løset (e.f.)
Landbruksdirektør

Gro-Malèn Brønnestad